

---

Saksnr: 2021/49065-3  
Saksbehandlar: Eva Moberg

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		26.10.2021

## Høyringsinnspel - Statusrapport om implementering av konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven

Forslag til vedtak:

1. Vestland fylkeskommune meiner framlegget til statusrapport i liten grad speglar den sentrale rolla regionalt forvaltningsnivå har i arbeidet med immateriell kulturarv.
2. Vestland fylkeskommune ber om at stautsrapporteringa tydeleggjer breidda i Vestland fylkeskommune sitt arbeid med immateriell kulturarv. Følgjande må synleggjerast:
  1. Vestland fylkeskommune sin rolle som samhandlar mellom privat og offentleg sektor, frivilligheit, kulturliv og innbyggjarar.
  2. Vestland fylkeskommune sitt arbeid med tilskot- og stipendordningar som fremjar og legg til rette for ivaretaking, formidling og vidareutvikling av immateriell kulturarv.
  3. Vestland fylkeskommune sine prioriterte satsingar på tradisjonsuttrykk og heilskapleg samfunnsdokumentasjon.

## Samandrag

Kvart 6. år skal Kulturrådet rapportere til UNESCO om status på implementeringa av UNESCO sin konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven av 2003. Kulturrådet ber om innspel til framlagd utkast til rapportering. Avdelingsdirektøren gjer i saka greie for Vestland fylkeskommune sitt arbeid med immateriell kulturarv, der satsingane på tradisjonsuttrykk og heilskapleg samfunnsdokumentasjon vert trekte fram. Det vert også vist til ivaretaking av arbeidsfelt gjennom ulike tilskots- og stipendordningar og til fylkeskommunen sin rolle som samhandlar og nøkkelaktør på tvers av sektorar og mellom frivilligheit, kulturliv og innbyggjarar.

Per Morten Ekerhovd  
avdelingsdirektør

David J Aasen Sandved  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

På Kulturrådet sin nettside vart det 13.09.21 publisert innlegg der Kulturrådet ber om tilbakemelding på statusrapporten om implementering av konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven (vedlegg 1 og 2).

Kvart 6. år skal Norge rapportere til UNESCO om status på implementeringa av UNESCO sin konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven av 2003. Kulturrådet har i 2021 gjennomført innspelsmøte og teke imot skriftlege innspel til utarbeiding av rapporten. Det ligg no føre eit utkast som Kulturrådet ber om tilbakemelding på. Det vert også bedt om gode døme på arbeid med den immaterielle kulturarven. Høyringsfristen vart sett til 05.10.21. Det er oversendt eni administrativ uttale innan fristen (vedlegg 3). Saka her byggjer på oversendt administrativ uttale.

#### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering. Gje innstilling om høyringsforslag og endeleg plan innan eige ansvarsområde.

#### Vurderingar og verknader

##### Innleiande merknader til framlagt utkast:

I arbeidet med innspel til rapporten vart 150 institusjonar, organisasjonar og aktørar inviterte til å delta. Avdelingsdirektøren ser at fylkeskommunane er underrepresenterte i oversikta over innkomne innspel. Avdelingsdirektøren meiner utkastet ber preg av dette og at rapporten må oppdaterast slik at han i større grad speglar fylkeskommunane sin rolle i arbeidet med ivaretaking av den immaterielle kulturarven.

Avdelingsdirektøren vil her vise til at det regionale forvaltningsnivået har ei viktig rolle i utforminga av den regionale politikken på kulturarvfeltet. Fylkeskommunane skal ivareta både materiell og immateriell kulturarv og forhold seg til fagområde både under Kulturdepartementet, Klima- og Miljødepartementet, Kommunal og Moderniseringsdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Fylkeskommunane arbeider såleis på tvers av sektorar og kan sjå verkemiddelbruk i samanheng. Fylkeskommunane har også ei viktig å rolle som nøkkelaktør og samhandlar mellom privat og offentlig sektor, frivilligheit, kulturliv og innbyggjarar.

##### Vestland fylkeskommune sitt arbeid med immateriell kulturarv:

Avdelingsdirektøren vil særleg peike på at Vestland fylkeskommune har ei eiga satsing på tradisjonsuttrykk og ei eiga satsing på immateriell kulturminne og heilskapleg samfunnsdokumentasjon.

#### **Tradisjonsuttrykk**

Den immaterielle kulturarven er eit viktig punkt i gjeldande regionale kulturplanar i Vestland. Eit av måla i handlingsplan for 2021 er at ein skal bevare og vidareutvikle tradisjonsuttrykka som ein del av eit levande kulturliv. Herunder tiltak som:

- Vidareføre satsinga på tradisjonsmusikk og -dans.
- Utvikle regional læringsarena for tradisjonshandverk i høve vidaregåande skule og høgare utdanning.

Innafor tradisjonsuttrykk har Vestland fylkeskommune som mål å vidareutvikle tradisjonsuttrykka som ein del av eit levande kulturliv. Der er folkemusikarar tilsett av fylkeskommunen, og elles er tilskot - både til drift, stipend og prosjekt/utvikling - ein viktig reiskap for å ivareta og vidareutvikle folkemusikken og -dansen.

Vestland fylkeskommune gjev driftsstøtte til regionale organisasjonar som arbeider med å bevare og utvikle folkemusikken og -dansen og miljøa knytt til det. Fylkeskommunen tar eit særskilt ansvar for å vidareføre og styrke hardingfeletradisjonen, slik at den praktiske kunnskapen knytt til tradisjonen kan leve vidare. Gjennom å støtte opp om etableringa og drift av prosjektet [Hardingfela.no](https://hardingfela.no/), <https://hardingfela.no/>, bidreg fylkeskommunen til at instrumentet, musikken, dansen, miljøet og historikken knytt til instrumentet får gode vekstvilkår. Hardingfela.no arbeider også med å sikre at tradisjonar og handlingsboren kunnskap kring instrumentbygging, musikk og dans vert dokumentert og vidareført.

Vestland fylkeskommune er også oppteken av at vår kulturarv visast i samtida og kan vere grunnlag for vidareutvikling. I tillegg til driftsstøtte til organisasjonar som t.d. Oselvarverkstaden, <https://www.oselvarverkstaden.no/>, Ole Bull akademiet, <https://olebull.no/>, Hardingfela.no,

regionale husflidslag, Vestnorsk kulturakademi, <http://www.kulturakademi.no/>, og sjølvstige musea, har Vestland fylkeskommune også prosjekt- og utviklingsmidlar som ofte vert løyvd til føremål som gjeld formidling og bruk av den immaterielle kulturarven.

Ivaretaking av tradisjonshandverk har vore prioritert er Vestland fylkeskommune gjennom satsinga på oppretting av Læringsarenaen ved Hardanger fartøyvernsenter, der fylkeskommunen har bidrege med investeringsmidlar til sjølve lokala og sett av eigen fagressurs til undervisning i tradisjonelt bygningshandverk for studentar ved Fagskulen og bachelorstudentar ved NTNU.

Tradisjonshandverk vert også prioritert gjennom eige handverkstipend.

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/utviklingsstipend-i-tradisjonshandverk/>

Dette skal fremje handverksfagleg utvikling knytt til tradert kunnskap i Vestland fylke. Stipendet er med på å skape stoltheit og merksemd om den sentrale rolla tradisjonsberande handverkarar har i det å ta vare på kulturminne og vidareføre immateriell kulturarv til framtidens generasjonar.

Kvart år lyser Vestland fylkeskommune ut tre folkemusikkstipend.

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kunst--og-kulturutvikling/folkemusikkstipend/>

Stipenda skal oppmuntre til kunstnarleg utvikling og styrke og sikre arbeidet med immateriell kulturarv. Stipenda skal gje høve til kunstnarisk utvikling og eksperimentering og kan tildelast musikarar, songarar og dansarar og dei som arbeider med dokumentasjon, formidling og instrumentbygging. Det blir delt ut to stipend til søkjarar under 30 år og eitt til søkjarar over 30 år.

### **Immateriell kulturminne og heilskapleg samfunnsdokumentasjon**

Vestland fylkeskommune tek vare på, gjer tilgjengeleg og formidlar ein samla og heilskapleg samfunnsdokumentasjon i fylket. Det inneber arbeid med eit bredt spekter av immateriell kulturarvsmateriale. Fylkeskommunen forvaltar til dømes folkeminneinnsamlingar, informasjon om gamle bygningsmiljø, livsminneintervju og dokumentasjon om eldre arbeidsmåtar i landbruk og handverk.

Fylkeskommunen i Vestland, har også prioterte satsingar på stadnamn, foto og musikk

<https://www.vestlandfylke.no/arkiv-og-dokumentasjon/>,

#### Stadnamn:

Stadnamna er både dokumentasjon på ein gammal praksis (orientering i terreng før kart og gps), og ei kjelde til kunnskap om anna immateriell kulturarv. Mange stadnamn dokumenterer gamle driftsmåtar i jordbruket, folketro, rituale og andre overleveringar som har festa seg i form av spor i ord.

Vestland fylkeskommune forvaltar ei samling på meir enn 257 000 stadnamn frå Sogn og Fjordane. Av dei er 228 480 namn søkbare i eit eige webarkiv på nett. Dei fleste stadnamna har òg blitt kartfesta, og er tilgjengelege via eit temalag på fylkesatlas (<https://www.fylkesatlas.no/>).

#### Foto:

Foto er viktige kjelder til kunnskap om fortida og samtida. Dei fortel oss både om korleis samfunn, busetnad og mykje meir har endra seg over tid, og om korleis sjølve fotografiet som uttrykksform har utvikla seg opp gjennom historia.

Vestland fylkeskommune jobbar med vern av foto, frå innsamling til publisering på nett. Vi forvaltar ei omfattande samling med kring 300 000 foto frå heile fylket. 85 000 av dei er tilgjengelege i eit eige webarkiv (<https://foto.fylkesarkivet.no/>).

I arbeid med forvaltning og formidling av arkivmateriale vert det også arbeidd med å involvere arkivskaparar, arkiveigarar og frivillige, i tråd med konvensjonsprinsippet. Avdelingsdirektøren vil her vise til eit konkret døme: Fotosamlinga etter fotograf Malvin Horne frå Florø. Her har fylkeskommunen i mange år hatt eit tett samarbeid med ei av døtrene til fotografen. Elsa Horne har jobba med fotomaterialet etter far sin sidan 90-talet, og har sjølv lagt premissar for arbeidet og har administrert frivillige. Frivillige spelar ei svært viktig rolle for det lokale kulturvernarbeidet. Dette er dokumentert i ein liten [informasjonsvideo på ca 10 min: «Historiske foto - ein kulturhistorisk og lokalhistorisk skatt»](#)

#### Musikk:

Musikk- og dansetradisjonar er ei viktig kjelde til kunnskap om fortid og notid; Dei fortel noko om samfunnet og kulturen dei er og var ein integrert del av, og om korleis musikken og dansen som uttrykksform har endra seg gjennom tida.

Vestland fylkeskommune arbeider med innsamling, vern og formidling dokumentasjon av musikk- og dansetradisjonar frå Vestland. Tradisjonsmusikksamlinga omfattar lyd dokumentasjon av over 16 000 framføringar med musikk og utøvarar med tilknytning til Vestland. Samlinga er tilgjengeleg i eit webarkiv for musikk (<https://musikk.fylkesarkivet.no/>). Her finst det opptak gjort frå 1921 og fram til i dag. Samlinga er digitalisert, og det er mogeleg å tinge kopiar av lydfile i mp3-format til ikkje-kommersiell bruk.

Avdelingsdirektøren vil også trekke fram eit døme på korleis dagens musistarar kan ta eigen musikkarv inn i framtida. På Førdefestivalen i 2017 fekk fire musistarar utforske og leike med musikk frå fylkesarkivet si samling med meir enn 16 000 historiske lydopptak. På konserten Arvesølvet 2017 fekk publikum oppleve både lyden av fortida og heilt nylaga musikk <https://www.fylkesarkivet.no/arvesoelvet.5971635-377713.html>.

### Tilskotsordningar som verkemiddel

I framlegget til statusrapportering vert det gjort greie for Kulturrådet som forvaltar av ulike tilskotsordningar til kultursektoren. Avdelingsdirektøren meiner det her også må det opplyst om at fylkeskommunane har tilskotsordningar retta mot kulturinstitusjonar, lag og organisasjonar, der ivaretaking av immateriell kulturarv inngår.

I omtalen av musea sin rolle i arbeidet med immateriell kulturarv vert det vist til at rundt 70 museum får driftstilskot frå Kulturdepartementet. Her meiner avdelingsdirektøren det må tydeleggjerast at også fylkeskommunar og kommunar bidreg med driftstilskot til dei konsoliderte musea. Vestland fylkeskommune gjev tilskot til 10 konsoliderte museum. I tillegg gir Vestland fylkeskommune økonomisk støtte til bygningsvernkonseptar ved fleire av dei konsoliderte musa, ei ordning som bidreg til vidareføring av handverksteknikkar innafor bygningsvernet.

I tillegg til driftstilskot til mellom anna Oselvarverkstaden, Hardingfela.no, Ole Bull akademiet, regionale folkemusikklag, Vestnorsk kulturakademi m.fl. (som vist til under omtalen av tradisjonsuttrykk), løyver Vestland fylkeskommune prosjekt- og utviklingsmidlar til føremål som gjeld formidling av immateriell kulturarv. For tilskotsordninga «Tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv» er eit av vurderingskriteria dokumentasjon av kulturarv.

Alle tilskotsordningar i Vestland fylkeskommune er forankra i vedtekne planar og prioriterte satsingar.

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ivaretaking av handverkstradisjonar står sentralt i arbeidet med immateriell kulturarv og bidreg til auke medvit om eldre handsverksteknikkar og gjenbruk av eldre bygg. Istandsetjing av verneverdige kulturminne er eit godt tiltak i arbeidet med reduksjon av klimagassutslepp

**Folkehelse:** Arbeid med immateriell kulturarv er med på å halde i hevd tradisjonar og bidreg positivt til identitet, mangfald, trivsel og gode kvardagsliv.

### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Arbeidet med ivaretaking av immateriell kulturarv bidreg til følgjande mål:

Mål 2 - Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, ved å sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar, jf. strategi 2.2.

Mål 3 - Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv, ved å utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar, jf. strategi 3.1

Mål 4 - Like moglegheiter til å delta i verdiskaping, ved å fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn, jf. strategi 4.2

Konklusjon

Avdelingsdirektøren viser til Vestland fylkeskommune sitt arbeid med immateriell kulturarv, særleg til satsingane på tradisjonsuttrykk og heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Fylkeskommunen arbeider også med immateriell kulturarv gjennom fleire tilskots- og stipendordningar. Kulturrådet sin statusrapportering om implementering av konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven vier i liten grad merksemd til regionalforvaltninga sin viktige rolle i arbeidet på tvers av sektorar og som samhandlar med frivilligheit, kulturliv og innbyggjarar. Avdelingsdirektøren oppfatar denne rolla som særst viktig i arbeidet med å synleggjere, styrke og utvikle arbeidet med immateriell kulturarv. Ut frå vurderingane over rår avdelingsdirektøren hovudutvalet til å gjere vedtak i tråd med innstillinga.